

**Til medlemmer av kontrollutvalet i Fedje kommune, ordfører og revisor (Vestlandsrevisjon IKS)**

Kopi: kommunedirektør, økonomisjef, postmottak

Innkalling til møte i kontrollutvalet i Fedje kommune**Møtedato:** 02.06.2022, kl. 09.15 – ca. 13.00**Møtestad:** Fleirbrukshallen

Møtet vert i fleirbrukshallen. Det vert servert enkel lunsj.

Saksliste:

Saksnr.	Tittel	Vedlegg
18/22	Godkjenning av innkalling og saksliste	
19/22	Godkjenning av møteprotokoll frå sist møte 19.01.2022	1
20/22	Skriv og meldingar a. Svar på spørsmål frå FKT til KMD om status for lovtolking kring representasjon av kommunestyremedlem i kontrollutvalet. b. KMDs organisasjonsdatabase, sluttrapport 2021. c. Informasjon om arbeid med rettleiar til kontrollutvala for handsaming av henvendingar. d. Møtegodtgjersle kontrollutvalet (folkevalde organ) e. Eigarskapskontroll handsama i kommunestyret f. Kontrollutvalet si årsmelding handsama i kommunestyret. g. Orientering om planlagde tilsyn i regi av Statsforvaltaren.	2 3, 4
21/22	Årsrekneskap og årsmelding 2021	5, 6, 7, 8, 9 – må ettersendast
22/22	Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområde 2021	10,11
23/22	Orientering om oppfølging/status rundt organisering av økonomiområdet	
24/22	Orientering om oppfølging av nummerert brev nr. 16	
25/22	Orientering om forseinka EU-kontroll av kommunalt køyretøy	12
26/22	Nyval av leiar/medlem i kontrollutvalet	
27/22	Aktuelt i Fedje kommune	
28/22	Oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024	
29/22	Rekneskap for kontrollutvalsarbeidet 2021	
30/22	Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet 2023	
31/22	Oppfølging av kontrollutvalet si eigenvurdering	
32/22	Møteplan for hausten 2022	
33/22	Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval	
34/22	Eventuelt	

Forfall må meldast til kontrollutvalssekretær på e-post: trude.bruket@regionnordhordland.no eller tlf.: 97 01 98 93.



Fedje kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Region Nordhordland

Innkallinga og sakspapir vert berre sendt elektronisk. Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sine heimesider og i innsynsløysinga:

<http://innsyn.sing.no/Fedje/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=utvalg>

Med vennleg helsing

Rune Borgerød
Leiar i kontrollutvalet

Trude Bruket
Kontrollutvalssekretær



FEDJE KONTROLLUTVAL

SAKSFRAMLEGG TIL MØTET 02.06.2022

INNHALDSLISTE

18/22 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 02.06.2022	2
19/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 19.01.2022	2
Skriv og meldingar	3
21/22 Årsrekneskap og årsmelding Fedje kommune 2021 – må ettersendast	5
22/22 Forenkla etterlevingskontroll med økonomirådet 2021	6
23/22 Orientering om oppfølging/status rundt organisering av økonomirådet	7
24/22 Orientering om oppfølging av nummerert brev nr. 16.....	7
25/22 Orientering om forseinka EU-kontroll av kommunalt køyretøy.....	8
26/22 Nyval av leiar/medlem i kontrollutvalet	8
27/22 Aktuelt i Fedje kommune.....	8
28/22 Oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024	9
29/22 Rekneskap for kontrollarbeidet 2021	10
30/22 Budsjett kontrollutvalsarbeidet 2023	12
31/22 Oppfølging av kontrollutvalet si eigenvurdering undervegs i perioden 2019 – 2023: tema rolle og samspel med kommunestyret.....	14
32/22 Møteplan 2022.....	16
33/22 Møteprotokollar frå politiske utval.....	16
34/22 Eventuelt	16



18/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET 02.06.2022

SAKSOPPLYSNINGAR:

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 2. juni 2022 er godkjent.

19/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 19.01.2022

Saksvedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 19.01.2022

SAKSOPPLYSNINGAR:

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 19.01.2022 er godkjent slik den ligg føre.



20/22 SKRIV OG MELDINGAR

- a. Svar på spørsmål frå FKT til KMD om status for lovtolking kring representasjon av kommunestyremedlem i kontrollutvalet.
- b. KMDs organisasjonsdatabase, sluttrapport 2021.
- c. Informasjon om arbeid med rettleiar til kontrollutvala for handsaming av henvendingar.
- d. Møtegodtgjersle kontrollutvalet (folkevalde organ)
- e. Eigarskapskontroll handsama i kommunestyret
- f. Kontrollutvalet si årsmelding handsama i kommunestyret.
- g. Orientering om planlagde tilsyn i regi av Statsforvaltaren.

*Saksvedlegg:**Presentasjon av arbeidet med rettleiar for henvendingar til kontrollutvalet**Reglement for godgjerling av våre Folkevalde (Fedje kommune)**Tapt arbeidsforteneste i samband med folkevalde verv (Fedje kommune)*

SAKSOPPLYSNINGAR:

- a. Svar på spørsmål frå FKT til KMD om status for lovtolkning kring representasjon av kommunestyremedlem i kontrollutvalet.

FKT har stil spørsmål til departementet om lovtolking kring representasjon av kommunestyremedlem i kontrollutvalet. Svaret presiserer mellom anna at departementet legg til grunn at kravet i kommunelova § 23-1 andre ledd om at minst eitt medlem av kontrollutvalget skal velgast blant kommunestyret sine medlemmar må forståast slik at det også gjeld ved nyval etter § 7-10 fjerde ledd.

Les heile svaret her: https://www.fkt.no/wp-content/uploads/2022/03/svar-pa-sporsmal-om-status-for-lovtolkning-e1477088_-003.pdf

- b. KMDs organisasjonsdatabase, sluttrapport 2021.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin organisasjonsdatabase 2020/2021 er ein database med informasjon om politisk og administrativ organisering i norske kommunar og fylkeskommunar. Datainnsamlinga til organisasjonsdatabasen har vore gjennomført sju gonger tidlegare: I 1995, 1996, og deretter kvart fjerde år.

Frå s. 41 står det om kontrollutval. Dei skriv mellom anna følgjande: «*Antall møter i kontrollutvalget har hatt en svak økning siden første gang spørsmålet ble stilt, fra et gjennomsnitt på 4,2 møter i 2003 til 5,5 møter i årets undersøkelse. For antallet saker ser vi en tydelig økning fra år til år.*»

Les heile rapporten her:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/dc7b75e7ad3b40e097d88b13fd330dcf/organisasjonsdatabasen-2020-sluttrapport.pdf>



c. Informasjon om arbeid med rettleiar til kontrollutvala for handsaming av henvendingar.

FKT held på å utarbeida ein rettleiar for korleis ein kan handsama henvendingar til kontrollutvalet. Gruppa som har jobba rettleiaren fram består av kontrollutvalsleiarar og kontrollutvalssekretærar frå ulike delar av landet, sett saman av FKT og NKRF. Rettleiaren ligg no ute til høyring her [Høring - Veileder, Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget - Forum for Kontroll og Tilsyn \(fkt.no\)](#). Presentasjonen av utkastet, som vart gitt på konferanse for kontrollutvalssekretariat i regi av FKT på Lillestrøm 22. og 23. mars, ligg også ved. FKT er ein medlemsorganisasjon for kontrollutval og kontrollutvalssekretariat. Osterøy kontrollutval er per no ikkje medlem og kan ikkje sende høyringsvar utan å bli medlem. Kontrollutvalssekretariatet i Region Nordhordland IKS er ikkje medlem i FKT, kun NKRF.

d. Eigarskapskontroll handsama i kommunestyret

Fedje kommunestyre har handsama eigarskapskontrollen i Fedje i sak 009/22, sjå saksdokumenta i innsynsløysinga her: [Dokument 22/499 - Revisjon av eigarskapskontroll i Fedje kommune - Fedje kommune \(sing.no\)](#)

e. Kontrollutvalet si årsmelding handsama i kommunestyret.

Fedje kommunestyre har handsama kontrollutvalet si årsmelding for 2021 i sak 008/22, sjå saksdokumenta i innsynsløysinga her: [Årsmelding 2021 frå kontrollutvalet \(sing.no\)](#)

f. Møtegodtgjersle kontrollutvalet (folkevalde organ)

I samband med sakene rekneskap og budsjett for kontrollarbeidet viser det seg at faktisk utbetalt møtegodtgjersle/tapt arbeidsinntekt er lågare enn budsjettet. Administrasjonen bedne om å leggja fram reglement for møtegodtgjersle, som orientering til kontrollutvalsmedlemmene. I Fedje får medlemmene i kontrollutvalet ei fast årleg godtgjersle på kr 4000 + kr 500 i møtegodtgjersle per møte, medan leiar får ei fast årleg møtegodtgjersle på 8000 kr. Sjå vedlagde reglement, kommunestyresak 004/16. Møtegodtgjersle vert betalt ut basert på antal møter representanten har delteke på som er registrert inn i kommunen sitt system. Møtegodtgjersle for alle utval vert betalt ut i juni og desember kvart år.

For dei utvalsmedlemmene som har rett på tapt arbeidsinntekt gjeld det som er beskrive i kommunestyrevedtak 006/20, vedlagt.

Om du lurer på noko knytt til møtegodtgjersle og/eller refusjon av tapt arbeidstinntekt kan du kontakta Signe Råheim, konsulent arkiv og personal på e-post: signe.raheim@fedje.kommune.no eller telefon 56 16 51 01.



g. Planlagde tilsyn i regi av statsforvaltaren

Statsforvaltaren legg opp til å samordne tilsyn og forvaltningsrevisjonar gjennom nettsida <https://tilsynskalender.statsforvalteren.no/>. Komande statlege tilsyn på Fedje i 2022 er:

- Utdanning i august 2022
- Beredskap og helseberedskap i oktober 2022

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek punkt a – g til informasjon.

21/22 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FEDJE KOMMUNE 2021 – MÅ ETTERSENDAST

Rekneskapen er ikkje ferdigstilt, og revisjonsarbeidet difor ikkje avslutta. Saka vert ettersendt så snart det let seg gjera.



22/22 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIOMRÅDET 2021

*Saksvedlegg:**Forenkla etterlevingskontroll 2021, Vestlandsrevisjon IKS**Attestasjonsuttale FEK*

SAKSOPPLYSNINGAR

Vestlandsrevisjon IKS har gjennomført forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for rekneskapsåret 2021, jf. kommunelova § 24-9.

Føremålet med forenkla etterlevingskontroll er å sjå etter om økonomiforvaltninga i hovudsak skjer i samsvar med lovar og reglar. Val av område for forenkla etterlevingskontroll vert prioritert av revisor og skal skje med bakgrunn i ei risiko- og vesentlegvurdering. Revisor sin uttale er utarbeidd for å gje kontrollutvalet eit betre grunnlag for å ivareta sitt sjå til ansvar med økonomiforvaltninga og til Fedje kommune sin informasjon, og er ikkje nødvendigvis eigna til andre føremål.

Tema for etterlevingskontrollen har vore betaling for langtidsopphald på sjukeheim.

Konklusjonen i attestasjonsuttalen frå revisor, datert 23. mai 2022 viser at basert på utførte kontrollhandlingar og innhenta bevis har ikkje revisor blitt merksame på tilhøve som gjev dei grunn til å tru at kommunen har vesentlege svakheiter kring rutinar/system for vederlagsberekning etter «Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester» kapittel 1.

Revisor har likevel peika på enkelte manglar eller svakheiter ved kommunen si handsaming av opphaldsbetaling for langtidsopphald ved sjukeheim som er nærare omtala i vedlagde presentasjon av arbeidet med etterlevingskontrollen for 2021.

Revisor vil orientere nærare om gjennomføring, funn og tilrådingar etter kontrollen via Teams.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til etterretning og sluttar seg til revisor sine tilrådingar.



23/22 ORIENTERING OM OPPFØLGING/STATUS RUNDT ORGANISERING AV ØKONOMIOMRÅDET

SAKSOPPLYSINGAR

Kontrollutvalet fekk i sak 06/22 den 19.1.2022, i sak 26/21 i møtet 22. september 2021 og sak 42/21 i møtet 10. november 2021 orientering om den pressa ressursituasjonen ved økonomikontoret og kva tiltak som vart iverksett for å løysa utfordringane. Kontrollutvalet har ei viktig rolle i å sjå til at kommunen handterer økonomien i samsvar med lover og reglar, og det er difor viktig at kontrollutvalet er orientert dersom det framleis er ressursutfordringar på økonomifeltet.

Rådmann er beden om å orientere nærare om utviklinga, og korleis organisering og ressursituasjonen ved økonomikontoret vert løyst.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

24/22 ORIENTERING OM OPPFØLGING AV NUMMERERT BREV NR. 16

SAKSOPPLYSINGAR

I førre møte, sak 07/22 var rådmann beden om å gje kontrollutvalet ei statusorientering om sak omskrive i nummerert brev nr. 16, jamfør sak 34/20 i kontrollutvalet.

I møtet orienterte rådmannen kort om at ordførar er beden følgja opp, men at det ikkje har kome noko svar/avklaring.

På bakgrunn av dette svaret gjorde kontrollutvalet samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil be ordførar orientera i neste møte.

Sekretariatet si vurdering:

Det er viktig at denne saka no vert orientert om på ein måte som gjer at kontrollutvalet kan vera trygge på at saka er teken hand om. Difor ber sekretariatet om at det vert lagt fram skriftleg stadfesting frå tredjepart på kva status er i saka, med mål om at kontrollutvalet er trygge på at tilfredsstillande tiltak er gjort og kan avslutta si oppfølging av saka.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



25/22 ORIENTERING OM FORSEINKA EU-KONTROLL AV KOMMUNALT KØYRETØY

Saksvedlegg: Vedtak om bruksforbod for køyretøy

SAKSOPPLYSINGAR

Bakgrunnen for saka er vedlagde brev om bruksforbod på kommunalt køyretøy, som er sett og spelt inn av eit kontrollutvalsmedlem.

Kommunedirektøren er beden om å gi kontrollutvalet informasjon om kva rutinar Fedje kommune har for at kommunalt eigde køyretøy ikkje skal kome i ein situasjon der dei får bruksforbod.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

26/22 NYVAL AV LEIAR/MEDLEM I KONTROLLUTVALET

SAKSOPPLYSINGAR

Leiar i kontrollutvalet, Rune Borgerød, har meldt frå om at han planlegg å flytte frå Fedje i løpet av sommaren 2022. Kommunestyret må difor gjennomføre nyval til kontrollutvalet.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber kommunestyret gjennomføre nyval for å erstatte leiar i kontrollutvalet, som må tre ut av rolla på grunn av flytting.
2. Ny leiar/nytt medlem bør vera på plass til første kontrollutvalmøte til hausten, 14.09.2022.

27/22 AKTUELT I FEDJE KOMMUNE

Kommunedirektør og ordfører er bedne om å gje ei kort orientering om aktuelle saker i Fedje kommune. Dei er spurde om å prioriterre saker som har eit internkontroll-/systemfokus, som er særleg relevant for kontrollutvalet. Dei også bedne å ta med eit punkt om status for vakante stillingar innafor administrasjonen, og nylege tilsetjingar av sentralt personell.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



28/22 OPPFØLGING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020 - 2024

SAKSOPPLYSINGAR

Kommunestyret vedtok, etter innstilling frå kontrollutvalet, i sak 075/20 plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 med følgjande prioriterte område:

1. Internkontrollsystem
2. Oppfølging av politiske vedtak
3. Teknisk; internkontroll

Uprioritert liste:

- IKT Nordhordland; felles forvaltningsrevisjon av selskap
- Varsling, etikk og habilitet
- Avvikssystem og oppfølging

Kommunestyret delgererte mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.

Kommunen har nyleg gjennomført eigarskapskontroll, og ut frå økonomiske rammer for revisjonsarbeidet i kommunen er det naturleg at eit forvaltningsrevisjonsprosjekt vert gjort innafør inneverande valperiode.

Det vert lagt opp til at kontrollutvalet diskuterer kva område ein vurderer som mest relevante for ein komande forvaltningsrevisjon, og vurderer om og når ein ynskjer orienteringar frå administrasjonen, som kan vera eit første steg i å starta prosessen med å planlegga forvaltningsrevisjon.

Forvaltningsrevisor vert tilgjengeleg i drøftinga.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet ynskjer å få orientering om tema frå kommunedirektøren i neste møte.

Kontrollutvalet ynskjer å drøfte tema, formål og problemstillingar med forvaltningsrevisor i neste møte, med formål å bestille ei skisse til prosjektplan i same møtet.



29/22 REKNESKAP FOR KONTROLLARBEIDET 2021

SAKSOPPLYSINGAR

Rekneskapa for kontrollutvalsarbeidet for 2021 viser at det er brukt noko mindre midlar enn avsett. Kommunen skal kostnadsføre alle kostnader knytt til kontrollarbeidet på teneste 1100 og KOSTRA-art 110. Per i dag er ikkje dette gjennomført for alle kostnadane. Kostnader til sekretariat manglar til dømes i oppsettet frå kommunen. Kommunen sitt budsjett har andre summar og postar enn budsjettframlegget frå kontrollutvalet.

Møtegodgjerla er noko lågare enn budsjettframlegget. Det ikkje gjennomført opplæring og kurs i 2021, noko som i størst grad nok skuldast covid 19-pandemien. Det er truleg same grunn til at det ikkje er ført kostnader til møtemat med meir.

Utgiftene til revisjon er noko lågare enn budsjettet. Desse føler ein fast finansieringsmodell, då Fedje kommune er ein av eigarane til Vestlandsrevisjon IKS. Finansieringsmodellen vart endra etter at budsjettframlegget vart vedteke.

Utskrift frå kommunen sin rekneskap:



1 Fedje kommune (2022) - År/Periode 2021 1 - 12	Regnskap 2021	Buds(end) 2021
Ansvar: 1000 Rådmann		
Teneste: 1100 KONTROLL OG REVISJON		
10801 GODTGJØRELSE FOLKEVALDE	24.000,00	20.000
10802 MØTEGODTGJERSLE	10.000,00	0
10990 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	3.604,00	2.000
11500 OPPLÆRING, KURSUTGIFTER IKKJE OPPG.PL.	0,00	10.000
12700 KONSULENTTJENESTER IKKJE OPPGÅVEPLIKTIGE	435.789,00	350.000
13500 TENESTEKJØP FRA ANDRE KOMMUNAR	43.561,00	0
Skulle vert ført saman med 12700		
13750 IKS SAMARBEID	0,00	63.000
Sum utgifter	516.954,00	445.000
Sum teneste: 1100 KONTROLL OG REVISJON	516.954,00	445.000

Sekretariatet sitt oppsett som viser rekneskap i høve kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett:

Fedje kontrollutval 2021	Rekneskap	Budsjett- framlegg	Avvik	Merknad
Revisjon	kr 479 350	kr 500 000	kr 20 650	1
Sekretariat	kr 0	kr 63 000	kr 63 000	2
Godtgjersle leiar, medlemmer, vara	kr 37 604	kr 50 000	kr 12 396	
Diverse møteutgifter	kr 0	kr 6 000	kr 6 000	
Kontigenter (FKT/faglit.)	kr 0	kr 1 000	kr 1 000	
Opplæring kontrollutvalet	kr 0	kr 20 000	kr 20 000	
Totalt	kr 516 954	kr 640 000	kr 123 046	3



Merknader:

- 1) Ny selskapsavtale/finansieringsmodell etter opprettinga av Vestlandsrevisjon IKS
- 2) Økonomisjef har svara at kostnader til sekretariat nok er ført saman med kontingent til Region Nordhordland IKS (RNI). Sekretariattjenester er spesifiserte i avtalen med RNI og skal først på teneste 1100.
- 3) Avviket vert ca. det halve av det som står i tabellen om ein reknar inn reelle sekretariattjenester, ført på anna tenesteområde.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



30/22 BUDSJETT KONTROLLUTVALSARBEIDET 2023

SAKSOPPLYSINGAR

Kontrollutvalet skal etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 2 utarbeide spesifisert forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Etter kommunelova § 14-3 skal dette framlegget følge innstillinga til årsbudsjettet til kommunestyret.

Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for kontrollarbeidet i kommunen, som mellom anna skal dekke utgifter til aktiviteten i kontrollutvalet, sekretærbistand og revisjon.

Kontrollutvalet er eit lovpålagd utval, og har ei sentral rolle i eigenkontrollen i kommunen. Kontrollutvalet har fleire oppgåver som er regulerte i lov og forskrift, og skal mellom anna uttale seg om årsrekneskapen og årsmeldinga frå kommunen, utarbeide planar for, og bestille, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og rapportere til kommunestyret om dette.

Budsjettet til kontrollutvalet må innehalde kostnader knytte til revisjonsaktivitetar, sekretariatsarbeid, møtegodtgjersle/tapt arbeidsinntekt, opplæring gjennom kurs og konferansar og møteutgifter mellom anna. Det er også anbefalt at budsjettet for kontrollarbeidet inneheld ein budsjettpost til uføresett kontrollarbeid. Alle kostnadane knytt til kontroll og revisjon og kontrollutvalet sitt arbeid skal førast på teneste 1100 og KOSTRA-art 110.

Kostnader knytt til revisjon og kontrollutvalsekretariat er avtalefesta, gjennom selskapsavtalane for Vestlandsrevisjon IKS og sekretariatstenesta i Region Nordhordland IKS (RNI).

I forslaget til total ramme er det ikkje lagt opp til vesentlege endringar i utvalet sitt samla aktivitetsnivå for 2023. Dei seinare åra har det stort sett vore gjennomført 4 møter. Dersom konkrete saker eller problemstillingar oppstår kan det verta behov for fleire møte eller meirarbeid for revisor og/eller sekretariat. I budsjettforslaget er det ikkje teke høgde for ekstraordinært ressursbehov i kontrollsamanheng i 2023. Kontrollutvalet har høve til å be kommunestyret om ekstra løyving dersom det kjem ei uplanlagd sak som må undersøkast.

Med bakgrunn i ei vurdering av neste års ressursbehov har sekretariatet sett opp følgjande framlegg til budsjett for kontrollutvalsarbeidet i 2023:

Budsjett 2023 Fedje kontrollutval	Utgifter	Merknader
Revisjon	kr 555 000	1
Sekretariat	kr 73 000	2
Godtgjersle leiar, medlemmer, vara	kr 50 000	3
Diverse møteutgifter	kr 6 000	4
Kontigenter (FKT/faglit.)	kr 1 000	5
Opplæring kontrollutvalet	kr 30 000	6
Uføresett kontrollarbeid	kr -	7
Totalt	kr 715 000	



- 1) Kostnad til revisjon følgjer av avtale til Vestlandsrevisjon IKS. Budsjettalet er førebels, då dette vert vedteke av representantskapet i desember 2022.
- 2) Kostnad til kontrollutvalssekretariat følgjer av avtalt kostnadsfordeling mellom eigarkommunane Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy. Budsjettalet er førebels, då dette vert vedteke av representantskapet i desember 2022. Prinsippa om omfanget av arbeidet for sekretariatet ikkje endra sidan ordninga starta i 2005 og kommunane vart einige om ein avtale om sekretariatstjenester frå Region Nordhordland IKS. Etter dette har arbeidsmengda i kontrollutvala auka (KMDs organisasjonsdatabase, sluttrapport 2021). I 2014 gjennomførte Deloitte ei evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat der dei anbefalte tydelegare nasjonale føringar som konkretiserer innhaldet i sekretariatets oppgåver. Etter dette er det kome til fleire lovkrav og fleire rettleiarar knytt til kontrollutvala og sekretariatet si drift. På bakgrunn av auka arbeidsmengd i kontrollutvalssekretariatet vert det gjort ei justering i 2023 som er noko høgare enn prisjusteringa. Behovet for ytterlegare styrking av sekretariatsressursen vidare vert vurdert i samband med budsjettframlegg for seinare år.
- 3) Kontrollutvalet sine eigne utgifter er knytt til fast årleg godtgjersle, tappt arbeidsforteneste, møtegodtgjersle, reiseutgifter m.m.
- 4) Diverse møteutgifter som møtemat, og evt. møterom. Møta vert per i dag haldne i Fleirbrukshallen.
- 5) Abonnement på faglitteratur. Per i dag er Fedje ikkje medlem i FKT.
- 6) Kontrollutvalet bør kunne delta på kurs årleg for å vere oppdatert på sentrale lovkrav og rammer for kontroll og tilsyn. Det vert jamleg arrangert kurs for kontrollutval av blant anna fagorganisasjonane NKRF og FKT.
- 7) Kontrollutvalet har høve til å be kommunestyret om ekstra midlar dersom slike uføresette kontrolloppgåver vert naudsynte.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i 2023 på kr 715 000,-.
2. Kontrollutvalet anbefaler kommunestyret å be kommunedirektøren om å kostnadsføre alle kostnader knytt til kontrollarbeidet på teneste 1100/kostra-art 110, dersom dette ikkje alt vert gjort.

**31/22 OPPFØLGING AV KONTROLLUTVALET SI EIGENVURDERING UNDERVEGS I PERIODEN 2019 – 2023: TEMA ROLLE OG SAMSPEL MED KOMMUNESTYRET****SAKSOPPLYSINGAR:**

I sak 13/22 la kontrollutvalssekretær fram resultat av eigenevalueringa som vart gjennomført i desember 2021. Presentasjonen vart sendt ut saman med protokollen i etterkant av møtet.

Evalueringsarbeidet vert følgt opp i 2022, og i dette møtet vert det lagt opp til ei drøfting av to av temaa som peika seg ut som mest aktuelle å følga opp vidare:

- kontrollutvalet si rolle sitt mandat
- forholdet til, og samspellet med, kommunestyret (som kontrollutvalet arbeider på vegne av).

Resultata frå den digitale undersøkinga innafor desse områda var slik:

Skala 1-5 – gjennomsnittet viser til gjennomsnittet av alle dei 33 svara frå medlemmer i dei sju kontrollutvala Region Nordhordland IKS har sekretariatsansvar for.

- KU skal på vegne av kommunestyret kontrollera korleis den kommunale verksemda vert driven. Kor godt opplever du at KU fyller rolla?
 - Fedje: 5-4-4-4-3 (Gjennomsnitt: 3,97)
- Korleis opplever du at saksfokuset i KU samstemmer med utvalet sitt mandat?
 - Fedje: 5-5-5-5-4 (Gjennomsnitt: 4,00)
- Korleis vurderer du opplæringa du har fått om oppgåvene, mandatet og rolla til KU?
 - Fedje: 5-5-4-4-4 (Gjennomsnitt: 3,79)
- Korleis fungerer kommunikasjonen og informasjonsflyten mellom kontrollutvalet og kommunestyret?
 - Fedje: 4-4-3-2-2 (Gjennomsnitt: 3,09)
- Ordførar har møte og talerett i KU – kor nøgd er du med ordførar si involvering i KU sine møter?
 - Fedje: 5-5-4-3-3 (Gjennomsnitt: 3,85)
- Opplever du at vedtaka i KU har innverknad på kommunestyret sine drøftingar/vedtak?
 - Fedje: 4-4-3-2-2 (Gjennomsnitt: 3,12)

Fagleg bakgrunn for diskusjon i møtet:

Sekretariatet anbefalar kontrollutvalsmedlemmene å friske opp følgande styringsdokument for kontrollutvalsarbeidet i forkant av møtet:

- Kontrollutvalet sitt mandat, som beskrive i kommunelova § 23 [Lov om kommuner og fylkeskommuner \(kommuneloven\) - Lovdata](#)
- [Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner - Lovdata](#)
- Om dei to temaa i siste, oppdaterte versjon av [Kontrollutvalsboka - regjeringen.no](#)
- NKRF – kontroll og tilsyn laga ein hjelpeartikkel til kontrollutvalsmedlemmer som vart valt i samband med kommunestyrevalet i 2019. Denne kan vera nyttig å lesa, og ligg på denne lenka: [Hjelp – jeg er ny i kontrollutvalget! - NKRF](#)



Det vert lagt opp til drøfting av dei to temaa i møtet med mål om å få fram viktige aspekt rundt rolla til kontrollutvalet og korleis denne vert handtert av kontrollutvalsmedlemmer og kontrollutvalet som heilskap, og korleis forholdet til kommunestyret fungerer og kan fungere betre. Drøftingane bør resulter i nokre forslag til tiltak som kan sikra at både rolleforståing og forholdet til kommunestyret kan styrkast ytterlegare.

Nokre punkt som kan gi støtte til drøftinga:

Kontrollutvalet si rolle:

- Rolle som kontrollorgan – kva seier lov og forskrift?
- Ikkje-politisk kontroll, utført av folk med politisk interesse – utfordringar?
- Saker i høve mandat – kva saker skal og kan kontrollutvalet handsama?
- Opplæring – ynskjer – format på opplæring (merk at det er ein del kurs i regi av fkt.no og nkrf.no)

Kommunikasjonsflyt mellom KU og kommunestyret (ha rolla med i mente i denne diskusjonen):

- Korleis kan ideelt sett kommunikasjon med kommunestyret føregå?
- Kommunikasjon og dialog med ordførar – litt ulike meiningar – korleis vil de ha det?

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek med seg vesentlege poeng frå diskusjonen i møtet i arbeidet sitt vidare. Sekretariatet, i samråd med leiar, føreslår korleis evalueringsarbeidet vert følgd opp vidare i samband med møte i 2022.



32/22 MØTEPLAN 2022

SAKSOPPLYSINGAR

Møteplan for 2022 vart vedteken med forbehold om endringar i sak 14/22. Møteplanen inneheld ein tentativ plan for kva saker som skal opp i dei ulike møta i løpet av 2022. Det er fornuftig å ta opp møteplanen i fellesskap i møta, for å sjå om det skal gjerast enkelte justeringar med omsyn til saker som kjem framover.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteplan vert justert med små endringar i tentativ plan for saker til kvart møte og lagt ved protokoll til orientering. Datoar for møta står fast.

33/22 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

SAKSOPPLYSINGAR

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Kontrollutvalsmedlemmene kan i dette faste sakspunktet orientere kvarandre om politiske saker som er relevante for utvalsmedlemmene å kjenne til.

Møteplan og protokollar frå politiske møter kan ein finne på kommunen sin heimeside og i innsynsløysinga: kommunen: [Møteplan 2022 - Fedje kommune \(sing.no\)](#)

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

34/22 EVENTUELT

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.



Fedje kontrollutval

Møteprotokoll

Møtedato: 19.01.2022, kl. 9.15 – 12.30

Stad: Fleirbrukshallen, Fedje

Tilstades: Anna Marit Storemark (nestleiar), Alf Nordseth,
Inger Steinsbø, Brit Gunn Tangen og Terje Blomvågnes (1. vara)

Forfall: Rune Borgerød (leiar)

Andre: Rådmann Gjermund Hagesæter

Revisjon: Revisjonssjef Janne Eraker og forvaltningsrevisor Linda Præstin (via Teams)

Sekretariat: Trude Bruket, kontrollutvalssekretær

01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysingar:

Innkalling og sakliste til møtet 19.01.2021 vert lagt fram til godkjenning.

Behandling i møtet:

Ingen kommentarar.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjend.



02/22 Godkjenning av møteutskrift frå møtet 22.09.2021

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøtet 10.11.2021.

Saksopplysingar:

Møteprotokoll frå førre kontrollutvalsmøtet vert lagt fram til godkjenning.

Behandling i møtet:

Ingen kommentarar til protokollen.

Samrøystes vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 10.11.2021 er godkjend.

**03/22 Skriv og meldingar**

a. Budsjettvedtak kontrollutvalsarbeidet frå kommunestyret.

Saksvedlegg:

Vedlegg 2: Særutskrift forslag budsjetttramme for kontrollutvalet 2022

Saksopplysingar:

Kontrollutvalets framlegg til budsjett til kontrollutvalsarbeidet, sak 32/21 var spesifisert slik:

Utgiftspostar 2022	Fedje
Revisjon	kr 540 000
Sekretariat	kr 68 000
Godtgjersle leiar, medlemmer, vara	kr 50 000
Diverse møteutgifter	kr 6 000
Kontigenter (FKT/faglit.)	kr 1 000
Opplæring kontrollutvalet	kr 30 000
Totalt	kr 695 000

Kommunestyret har i sak 086/21 gjort følgende vedtak: «*Fedje kommune tar med seg framlegget frå Fedje kontrollutval vidare i budsjettprosessen.*»

Behandling i møtet:

Ingen kommentarar.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



04/22 Aktuelt i Fedje kommune

Saksopplysingar:

Rådmann og ordførar er beden om å gje ei kort orientering om aktuelle saker i Fedje kommune.

Behandling i møtet:

Rådmann orienterte om følgande:

- Økonomisjef er kalt inn som meddommar, noko som gjev litt utfordringar på økonomikontoret.
- Teknisk sjef – kort orientering om tilsettingsprosess: Har nokre gode søkarar. Trur det kjem på plass. Jobbar med overføring av informasjon, samt noko digitalisering av gamle dokument.
- Legevaktordning – har ikkje lenger avtale med Nordhordland legevakt. Har tre legar på «Nordsjøturnus» som dekkar behovet lokalt. Er nokre utfordringar med overgangsprosessen i forholdet til Nordhordland legevakt.
- Kort orientering om utfordringar knytt til langtidssjukemeldingar i ein liten kommune.

Det kom spørsmål frå utvalsmedlem om sal av kommunal eigedom med bakgrunn i kommunestyrevedtak i april 2021. Rådmann orienterte, og utvalsmedlemmene stilte spørsmål og kommenterte.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



05/22 Orientering om status for årsrekneskapen 2021

Saksopplysingar:

Frist for å avleggje årsrekneskap er 22. februar og årsmelding den 31. mars. Avlagt rekneskap inneber at balanseavstemmingar og underdokumentasjon er på plass.

Revisor sin frist for å avgje revisjonsmelding er 15. april 2022.

Rådmannen er orientert til å orientera om status for arbeidet med årsrekneskapen for 2021 i møtet.

Behandling i møtet:

Rådmann orienterte kort om at årsrekneskapen er i prosess, og at det ligg an til ein liten pluss.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

06/22 Orientering om organisering av økonomiområdet

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet fekk i sak 26/21 i møtet 22. september 2021 og sak 42/21 i møtet 10. november 2021 orientering om den pressa ressursituasjonen ved økonomikontoret. Kontrollutvalet stilte spørsmål om kommunen gjennomførte tilstrekkelege tiltak for å løyse dette, og ba om å få ei ny statusorientering i første møte i 2022.

Rådmann er beden om å orientere nærare om utviklinga, og korleis organisering og ressursituasjonen ved økonomikontoret vert løyst.

Behandling i møtet:

Rådmann orienterte kort om at det er tilsett ein person i eit engasjement i eit halvt år.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



07/22 Statusorientering om oppfølging av nummerert brev nr. 16

Saksopplysingar:

Rådmann er beden om å gje kontrollutvalet ei statusorientering om sak omskrive i nummerert brev nr. 16, jamfør sak 34/20 i kontrollutvalet.

Behandling i møtet:

Rådmann orienterte kort om at ordførar er beden følga opp, men at det ikkje har kome noko svar/avklaring.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil be ordførar orientera i neste møte.



08/22 Orientering: Revisjonsrapport interim 2021

Saksvedlegg:

Vedlegg 3: Revisjonsrapport interim 2021

Saksopplysingar:

Vestlandsrevisjon IKS har gjennomført interimsrevisjon i Fedje kommune, og har gjennom dette utført testar og kontroll av rekneskapsdata. I hovudtrekk har revisor sine kontrollar ikkje avdekka vesentlege feil. Revisor meiner derfor at kommunens interne kontroll, med nokre unntak, fungerer tilfredsstillande.

Revisor peikar på at 2021 har vore eit utfordrande år med tidvis mangel på ressursar på økonomikontoret i kommunen, og at kommunen er sårbar når sentrale personar er borte. Revisor rår derfor kommunen til å arbeide vidare med å finne løysingar som sikrar at sentrale oppgåver blir løyst i slike tilfelle.

I interimsrapporten har revisor peikt på nokre område som dei meiner kommunen må ha fokus på vidare.

Kommunen har vore noko bakpå med løpande oppgåver. Generelt er avstemmingsrutinane også noko svake, og dette er noko som bør prioriterast framover, særskilt innan lønsområdet. Revisor har ikkje fått moglegheit til å utføre detaljtest på lønsområdet, på grunn av den nemnde ressursmangelen på økonomikontoret.

Revisor peikar på at arbeidsdeling må vere eit fokusområde vidare.

Revisor rår også kommunen å allereie i budsjettprosessen vurdere investeringsprosjekt i høve til gjeldande rekneskapsstandardar, og å dokumentere denne vurderinga. Dette for å redusere risikoen for korreksjonar i ettertid der prosjekt budsjettet i investeringsrekneskapet må dekkast gjennom drift.

Revisor vil i møtet gje ei kort orientering om interimsrevisjonen.

Behandling i møtet:

Revisjonssjef Janne Eraker gav ei statusorientering om interimsrevisjonen i møtet. Dette er ein kontroll av rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

På inntektssida har revisor testa om fakturagrunnlag og faktura stemmer overeins.

Kontrollane har ikkje avdekka vesentlege feil, men kommunen er noko bakpå på grunn av ressursituasjonen. Dette gjeld til dømes fakturering og purring. Forseinkingar kan gjera det vanskeleg å få inn fordringar. Kanskje tapsavsetninga må justerast opp i år på grunn av etterslep.



Revisor har sett tildels litt svake avstemmingsrutinar på nokre område, først og fremst løn. Bør få på plass litt betre rutinar.

Testa også detaljar på løn, for å få indikasjon på om det er orden på det området.

Har også hatt ein gjennomgang av investeringsprosjekta og sett på om det er reelle investeringar eller drift. Har hatt fokus på dette gjennom fleire år.

Vedlikehaldsprosjekt skal gå på drift. Dette området har betra seg.

Moms vert sett på fleire gongar ilt året. Få avvik. Blir ryddig handtert.

Revisors konklusjon:

Ingen vesentlege feil, men kommunen er bakpå. Viser at kommunen er sårbar når sentrale personar er borte. Oppfordrar kommunen til å arbeida vidare for å finne løysingar som sikrar drift og at sentrale oppgåver vert løyst.

Revisor tilrår at det vert fokus på arbeidsdeling på økonomiområdet framover. Dette er viktig for å unngå feil, og å hindra mislighetar.

Revisor har fått nokon indikasjonar på at fristane for avlegging av rekneskap kan vera vanskeleg å halda. I så fall er det betre å levera fullverdig rekneskap litt seint, enn eit rekneskap som ikkje er kvalitetssikra.

Kontrollutvalet kommenterte og stilte spørsmål.

Utvalet ynsker ikkje å koma i same situasjon som sist, då rekneskapen vart veldig seint levert, og kontrollutvalet fekk papira kun timar før møtet der det skulle handsamast.

Om ressursituasjonen kommenterte rådmannen at det no er gjennomført møter med kommunedirektør i Austrheim, og at ein ser på muligheter for å styrke økonomiområdet gjennom eit samarbeid med Austrheim. Kommuneleiinga håpar dette arbeidet kan gje resultat.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



09/22 Rapport forenkla etterlevingskontroll 2020

Saksvedlegg:

Vedlegg 4: Refusjon av sjukeløn – forenkla etterlevingskontroll Fedje kommune

Vedlegg 5: Attestasjonsuttale_sjukelønsrefusjon_Fedje

Saksopplysingar:

Føremålet med forenkla etterlevingskontroll er å sjå etter om økonomiforvaltninga i hovudsak skjer i samsvar med lovar og reglar, og er ein ny kontrolloppgåve etter kommunelova. Revisor skal etter kommunelova gi ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen innan 30. juni.

Grunna manglande dokumentasjon har ikkje revisor kunne gjennomføre forenkla etterlevingskontroll for 2020.

Kontrollutvalet fekk orientering om dette i sak 28/21 og oppmoda om at etterspurde dokument vert ettersendt frå administrasjonen til revisor innan 1. november. Saka vart handsama i sak 39/21 den 10. november 2021. Revisor orientert då om at kontrollen var starta opp og forventa avslutta i løpet av 2021, og ville kunne leggast fram for handsaming i første møte til kontrollutvalet i 2022.

Tema for etterlevingskontrollen har vore sjukelønsrefusjonar.

Undersøkinga som er gjennomført i samband med utforminga av rapporten syner at kommunen til ein viss grad har etablert skriftlege rutinar som plasserer ansvar og oppgåver i samband med sjukemeldingar og sjukelønsrefusjonar, men at det manglar noko skriftleggjering av slike rutinar.

Forvaltningsrevisor vil presentera rapporten i møtet.



Behandling i møtet:

Forvaltningsrevisor la fram rapporten i møtet, og orienterte blant anna om:

- Føremål: Vurdere om det er etablert rutinar for sjukelønsrefusjonar etter folketrygdlova § 22-3 som er eigna til å sikre at kommunen ikkje tapar refusjon.
- Vurderingskriteria: Knytt til Kommuneleva §25-1: om kommunen sin internkontroll.
- Problemstilling: Har Fedje kommune etablert gode rutinar for å handsama sjukeløns-refusjonar?
- Det har blant anna vore gjennomført ei spørjeundersøking om rutinar blant 8 tilsette med ansvar knytt til sjukmeldingar.
- Revisor er ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev grunn til å tru at Fedje kommune har vesentlege svakheiter kring rutinar for handsaming av sjukelønsrefusjonar etter folketrygdlova § 22-3, men at det er enkelte svakheiter/manglar med rutinane..

Rådmann orienterte om at rapporten har vore oppe i den utvida leiargruppa, og at det alt er gjort nokon tiltak og forbetringar på området.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering, og vil vurdere oppfølging i samband med handsaming av årsrekneskapen.



10/22 Rapport frå eigarskapskontroll: Eigarstyring i Fedje kommune

Saksvedlegg:

Vedlegg 6: Rapport_Eigarskapskontroll Eigarstyring i Fedje

Saksopplysingar:

Den vedlagde rapporten er eit resultat av eigarskapskontrollen «Eigarstyring i Fedje kommune», og er utført på bakgrunn av tinginga frå kontrollutvalet i sak 19/21 og prosjektplan vedteke i sak 31/21.

Føremålet med eigarskapskontrollen er å undersøkje eigarstyringa i Fedje kommune på eit overordna nivå. Det er snakk om eigarstyring når kommunen har valt å oppretta selskap som skal sørge for tenester til innbyggjarane til kommunen.

Undersøkinga viser at Fedje kommune i nokon grad har lagt til rette for god eigarstyring, men lovpålagt eigarskapsmelding er ikkje utarbeidd.

Fedje kommune i stor grad har utøvd sin eigarskap i samsvar med aktuelle lovføresegner og etablerte normer for god eigarstyring.

Revisor tilrår Fedje kommune å:

- utarbeida eigarskapsmelding denne valperioden, i tråd med kravet i kommunelova § 26-1, og kommunisera den til organa i selskapa til kommunen,
- ha jamlege eigarmøte med selskap der dette ikkje skjer,
- syta for tiltak for å sikra felles føringar frå eigarane i NGIR IKS og Aufera AS, t.d. ein felles eigarstrategi eller ei felles eigarskapsmelding.
- syta for at kommunestyret årleg får ein rapport om tilstanden (økonomi, spesielle forhold osv.) for selskapa som kommunen har eigarinteresser i, viss ikkje kommunen utarbeidar eigarskapsmelding kvart år.

Forvaltningsrevisor vil legge fram rapporten i møtet.



Behandling i møtet:

Forvaltningsrevisor la fram rapporten i møtet, og informerte blant anna om:

- Føremålet med revisjonen er å undersøkje eigarstyringa i Fedje kommune på eit overordna nivå.
- Vurderingskriteria er henta frå kommunelova og KS sine tilrådingar for eigarstyring.
- To problemstillingar:
 - I kva grad er det lagt til rette for god eigarstyring i Fedje kommune?
 - Vert kommunen sin eigarskap utøvd i samsvar med aktuelle lovføresegner og etablerte normer for god eigarstyring?
- Desse vert vurdert ut frå fleire kriterium.
- Revisor konkluderer med at:
 - Fedje kommune har kome eit godt stykke på veg med å leggja til rette for god eigarstyring.
 - Fedje følg utvalde tilrådingar til KS for god eigarstyring i stor grad.

Revisor viste til fleire tilrådingar til Fedje kommune. Desse er omtala i saksframlegget.

Rådmann kommenterte at rapporten vert teke med i arbeidet vidare.

Rådmann orienterte også kort om eventuelle sal av små eigardelar (aksjar) i Eviny og BKK.



Samrøystes vedtak i kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek saka til orientering. Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar, og innstiller til vedtak i kommunestyret om å be administrasjonen følgje opp tilrådingane om å:

- utarbeida eigarskapsmelding denne valperioden, i tråd med kravet i kommunelova § 26-1, og kommunisera den til organa i selskapa til kommunen,
- ha jamlege eigarmøte med selskap der dette ikkje skjer,
- syta for tiltak for å sikra felles føringar frå eigarane i NGIR IKS og Aufera AS, t.d. ein felles eigarstrategi eller ei felles eigarskapsmelding.
- syta for at kommunestyret årleg får ein rapport om tilstanden (økonomi, spesielle forhold osv.) for selskapa som kommunen har eigarinteresser i, viss ikkje kommunen utarbeidar eigarskapsmelding kvart år.

Kontrollutvalet ber om ei skriftleg tilbakemelding med statusorientering om oppfølging av tilrådingane innan 4. kvartal 2022.

Innstilling til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og ber administrasjonen om å følgje opp tilrådingane om å:

- utarbeida eigarskapsmelding denne valperioden, i tråd med kravet i kommunelova § 26-1, og kommunisera den til organa i selskapa til kommunen,
- ha jamlege eigarmøte med selskap der dette ikkje skjer,
- syta for tiltak for å sikra felles føringar frå eigarane i NGIR IKS og Aufera AS, t.d. ein felles eigarstrategi eller ei felles eigarskapsmelding.
- syta for at kommunestyret årleg får ein rapport om tilstanden (økonomi, spesielle forhold osv.) for selskapa som kommunen har eigarinteresser i, viss ikkje kommunen utarbeidar eigarskapsmelding kvart år.

Kommunestyret ber administrasjonen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg status om oppfølging av tilrådingane innan 4. kvartal 2022.



11/22 Årsmelding for Fedje kontrollutval 2021

Saksvedlegg:

Vedlegg 7: Framlegg til årsmelding for Fedje kontrollutval 2021

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet skal rapportere resultatane av sitt arbeid til kommunestyret, jf. kommuneloven § 23-5.

Sekretariatet har utarbeida framlegg til årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2021.

Årsmeldinga er eit supplement til protokollane frå møta, som er den løpande rapporteringa til kommunestyret. Den vedtekte årsmeldinga skal gå som ein eigen rapport til kommunestyret for å synleggjere arbeidet til kontrollutvalet i året som er gått.

Behandling i møtet:

Ingen kommentarar til årsmeldinga.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2021 slik den ligg føre. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering.



12/22 Årsmelding for kontrollutvalssekretariatet i Region Nordhordland (RNI) 2021

Saksvedlegg:

Vedlegg 8: Framlegg til årsmelding for kontrollutvalssekretariatet i Region Nordhordland (RNI) 2021

Saksopplysingar:

Sekretariatet har utarbeida ei årsmelding for kontrollutvaletsekretariatet i RNI sitt arbeid i 2021. Årsmeldinga er tenkt som orientering til alle kontrollutvala RNI følg opp, og som orientering til Regionrådet i Nordhordland og styret i RNI.

Behandling i møtet:

Ingen kommentarar til årsmeldinga.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmeldinga for kontrollutvalssekretariatet til orientering.



13/22 Orientering om resultat av kontrollutvalet si eigenvurdering undervegs i perioden 2019 – 2023.

Saksopplysingar:

Saka er ei oppfølging av orienteringssak 65/21 som var oppe i førre møte.

I løpet av desember 2021 gjennomførte kontrollutvalssekretariatet ved RNI ei evaluering i form av ei anonym, digital spørjeundersøking i alle kontrollutvala RNI er sekretariat for. Resultat frå undersøkinga knytt til Fedje kontrollutval vert lagt fram i møtet.

Det vert lagt opp til drøfting av resultatata frå undersøkinga i møtet, og diskusjon om vidare prosess for å følgja opp evalueringa.

Behandling i møtet:

Kontrollutvalet har tidlegare drøfta om sekretær for kontrollutvalet kan orientera om arbeidet til kontrollutvalet i kommunestyret. Kan sjå på dette igjen, men gjerne naturleg at leiar i kontrollutvalet er med på dette.

Kontrollutvalet drøfta om ein kan vera enno tydelegare i vedtaka som skal vidare til kommunestyret.

Det vart tenkt høgt rundt om kor bevisst kommunestyret er på kontrollutvalet si rolle.

Kontrollutvalet ynskjer å følgja opp fleire av områda i frå evalueringa vidare.

Samrøystes vedtak:

Evalueringsarbeidet vert følgt opp vidare i samband med kontrollutvalsmøta og i eventuell større samling, når dette vert mogleg.



14/22 Møteplan for 2022

Saksopplysingar:

Følgande møtedatoar for 2022, med møtedagar onsdagar og tidsramme kl. 09.15 – 12.15, vert føreslått:

19. januar

25. mai

14. september

23. november

Kontrollutvalet vil få framlagt forslag til møteplan med overordna årsplan for 2022 i møtet.

Behandling i møtet:

Det vart drøfta at møtedatoane kanskje må tilpassast når ein veit kva datoar kommunestyremøta vert lagt til på hausten.

Samrøystes vedtak:

Møteplanen vert oppdatert med møtedatoar og overordna årsplan, og lagt ved protokoll som vedlegg.

15/22 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å gjennomgå møteprotokollar frå politiske utval.

Møteprotokollane finn ein på kommunen sin heimeside:

<http://innsyn.sing.no/Fedje/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Behandling i møtet:

Innspel om at det er litt vanskeleg å lesa møteprotokollane frå kommunestyret og andre politiske møte. Det er lite informasjon i vedtaka i saka.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



16/22 Eventuelt


Ingen saker vart meldt inn under eventuelt.

Fedje, 19.01.2022

Anna Marit Storemark
Nestleiar kontrollutvalet

Trude Bruket
Kontrollutvalssekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.




Håndtering av henvendelser

Veileder til bruk for kontrollutvalgene

24. mars 2022

Arbeidsgruppen



- ✓ Gruppens medlemmer:
- Henning Warloe, leder kontrollutvalget Bergen
 - Trond Egil Nilsen, leder kontrollutvalget Måsøy
 - Ragnhild Aashaug, rådgiver Kontrollutvalg Fjell IKS
 - Solveig Kvamme, rådgiver Sunnmøre Kontrollutvalsekr. IKS
 - Hilde Rasmussen Nilsen, 2. vara styret FKT
 - Anne-Karin F. Pettersen, generalsekretær FKT



Formålet med veilederen er å gi råd og anbefalinger til kontrollutvalgene til hjelp for å håndtere henvendelser

Kontrollutvalet – mandat og roller

- ✓ Kontrollutvalget kommunestyrets kontrollorgan.
- ✓ Mandat og forhold til kommunestyret
- ✓ God rolleforståelse
 - Styringsrolle knytt til oppfølging og kontroll på vegne av
 - Arbeidsmåte som kollegie

Kontrollutvalget er et offentlig organ og det forventes at sekretariatet ivaretar organets journalførings- og arkivplikt.
Henvendelser til kontrollutvalget fordrer en formell håndtering.

Arkivsak, dokument og journalpost...

Hva er sak, dokument og journalpost?

Et dokument er ofte omtalt som en journalpost, det kan være et inngående, utgående eller internt dokument. En journalpost altså er et journalført dokument i arkivet. Et dokument vil alltid være tilhørende en sak, og en sak kan ha alt fra ett til hundrevis av dokument.

I en sak kan en finne en eller flere journalposter som hører sammen, har en likhet eller sammenheng.



Kontrollutvalgets medlem får en SMS fra en bekjent der det gis informasjon som er interessant og som medlemmet tenker at kontrollutvalget bør se nærmere på. Kontrollutvalgets medlem takker avsender for informasjonen og informerer om at den blir lagt fram for kontrollutvalget til vurdering.

Kontrollutvalgets medlem kan ta skjermdump av den eller videresende selve meldinga til sekretariatet.

Anbefaling 1:

I tråd med god forvaltningsskikk, bør alle skriftlige henvendelser til kontrollutvalget gå til sekretariatets postmottak, for journalføring.

Anbefaling 2: **Muntlige henvendelser bør skriftliggjøres**

Anbefaling 3:

**Den som henvender seg til kontrollutvalget
bør få en skriftlig tilbakemelding på at
henvendelsen er mottatt.**

{K}

Eksempel på fast svar:

Kontrollutvalssekretariatet har på vegne av kontrollutval motteke henvendinga di. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsender(-ar).

Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering. Om kontrollutvalet vel å gå nærare inn på det som henvendinga gjeld, vil du kunne sjå i møteprotokollen som du finn på heimesida vår.

Ut over dette vil du ikkje få noko meir svar frå kontrollutvalet på henvendinga di.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar. Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, må kontrollutvalet sjølve vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det ei henvending tek opp.

På generelt grunnlag kan ein seie at det er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

⋮

Anbefaling 4:

Kontrollutvalget bør utarbeide egne retningslinjer for håndtering av henvendelser.

Disse bør inneholde en fremgangsmåte for saksbehandling av henvendelser.

Anbefaling 5:

Kontrollutvalget bør bruke «trafikklysmodellen» når kontrollutvalget skal vurdere om innholdet i en henvendelse skal følges opp.

Sentrale spørsmål – «Trafikklysmodellen»				
Kryss på røde felt peker i retning av å ikke følge opp henvendelsen, mens kryss på grønne felt taler for å følge opp henvendelsen.	Ja	Delvis	Nei	Ukjent
Vedrører henvendelsen misnøye med et politisk fattet vedtak?	Red	Yellow	Green	Grey
Dreier henvendelsen seg om en klage på et enkeltvedtak som kommunen har fattet?	Red	Yellow	Green	Grey
Viser henvendelsen til lovbrudd, manglende etterlevelse av kommunale rutiner eller manglende oppfølging av kommunale vedtak?	Green	Yellow	Red	Grey
Viser henvendelsen til en risiko knyttet til system, rutiner, praksis i kommunen mer generelt innenfor et område?	Green	Yellow	Red	Grey
Dreier henvendelsen seg i hovedsak om en isolert hendelse?	Red	Yellow	Green	Grey
Er henvendelsen under annen behandling i et annet organ? (rettsapparat, sivilombud, statsforvalter, KOFA, klageorgan i kommunen, varslingskanal)?	Red	Yellow	Green	Grey
Er det annen naturlig behandlingsvei for henvendelsen (ref. organene nevnt over)?	Red	Yellow	Green	Grey
Kan henvendelsen, og henvendelsens oppmerksomhet, bidra til at det stilles spørsmål om tilliten til kommunens saksbehandling av en type saker?	Green	Yellow	Red	Grey
Berører henvendelsen et tema som kontrollutvalget allerede har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentlighetsanalyse?	Green	Yellow	Red	Grey
Foreligger området som et tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eierskapskontroll?	Green	Yellow	Red	Grey
Kan en gjennomgang bidra til læring og forbedring?	Green	Yellow	Red	Grey
Bør henvendelsen prioriteres foran andre planlagte oppgaver?	Green	Yellow	Red	Grey

Anbefaling 6:

Kontrollutvalget bør unngå å gå videre med saker som uttrykker generell misnøye med et politisk fattet vedtak, dreier seg om en personlig enkeltsak, er under behandling i et annet organ eller har en annen naturlig behandlingsvei.

Anbefaling 7:

Kontrollutvalget bør i sitt budsjett ta høyde for uforutsette kontrollhandlinger.

Anbefaling 8:

Kontrollutvalget bør drøfte hvordan utvalget vil synliggjøre sin rolle og mandat, og hvorfor utvalget ønsker å motta henvendelser.

Høringsperiode og Fagkonferansen i juni 2022



Fedje kommune

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Vidar Bråthen		16/82

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
023/16	Formannskapet	PS	10.02.2016
004/16	Kommunestyret	PS	18.02.2016

Reglement for godtgjering av våre folkevalde.

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Bestilling frå våre folkevalde.

Samla forbruk bør liggja innafor vedtekne budsjetttrammer. Fornuftig leveregel.

Det er lokalt ønskje om å samla alt om godtgjeringar i eitt og same dokument for å letta innsynet og oppfølgingsarbeidet.

Relevante saksdokument:

Sak K – 018/02	Sakstittel. Dekning av utgifter ved utøving av kommunale verv.
K – sak 066/08 Diverse	Arbeidsvilkår for våre folkevalde. Enkelsaker m/ nye presiseringar.

Vurdering

Mål.

Fedje kommune har relativt enkle reglement for godtgjersle av kommunale tillitsverv som ligg litt tilbake i tid. Nye utfordringar har kome til, og det ønskjeleg å samla alle relevante forhold i eitt og same dokument. Det er viktig at dette halde i ei kortfatta og enkel form.

Fast årleg godtgjersle:

Ordførar:

Ordførar skal ha ei årleg godtgjersle for ordførarvervet. I dag vert dette løna som 60% av



Fedje kommune

rådmannen si løn.

Vurdering:

Dette var ein vanleg modell i mange år. Dei fleste av våre nabokommunar har gått bort i frå denne modellen. I dag er det meir og meir vanleg at godtgjersla som ordførar følgjer lønsutviklinga til våre stortingsrepresentantar – anten i 100% el. mindre.

Grunngjeving:

Uheldig kopling og habilitetsutfordringar.

Råd:

Ser at det kan vera gode grunnar for å unngå kopling mellom rådmannen si løn og godtgjersla til ordførar.

Andre føringar:

Justering per 1.5 kvart år. Utbetaling i 12 like månadsgodtgjersler.

Ordføraren har rett til sjukepengar og felles pensjonsordning.

Godtgjersla omfattar alle kommunale verv og oppgåver som ordførar har.

Ordførargodtgjersla for komande valperiode skal vurderast av sitjande kommunestyre før utgangen av mars månad det siste året i kommunestyreperioden.

Grunngjeving:

Det er viktig at alle skal ha høve til å stilla som ordførarkandidat og at vilkåra skal vera godt kjent blant våre folkevalde.

Ettergodtgjersle:

Fedje kommune har sidan 2002 hatt ei ordning med ettergodtgjersle for våre ordførar.

	Ettergodtgjersle
Ordførar m/ retrettjobb	1/2 månadsløn
Ordførar utan retrettjobb	3 månaders etterløn

Ev løn, pensjon, ledighetstrygd går til fråtrekk v/ utbetaling av ettergodtgjersle.



Fedje kommune

Råd:

Denne ordninga ligg fast.

Varaordfører:

Etter avtale med K vert varaordfører godtgjort i 20% stilling. Godtgjersla dekker møtegodtgjersle i K, F, politiske organ/utval oppnemnd av KS – deriblant representasjonsoppdrag og kortare vikaroppdrag for ordfører. Ferie inkludert.

Utbetaling i 12 like månadlege godtgjersler.

Dersom ordfører vert frikopla frå rådmannen si løn, må det same gjelda varaordfører.

Fram til siste K val fekk varaordfører 6% av ordfører si godtgjersle + møtegodtgjersle kr 500.

Råd:

Godtgjersla her bør samordnast med ordføreren sine lønsvilkår. Godtgjersla bør dekkja all møteverksemd i kommunal regi.

Stillingsstorleik.

Avtale mellom ordfører og varaordfører godkjend av K.

Faste medlemmar av formannskapet.

Representantane hos oss får i dag kr 20.000 i fast godtgjersle + kr 500 i møtegodtgjersle. Andre kommunale verv vert godtgjort særskilt.

Her er det ulik praksis i regionen.

Vi har ingen fråtrekk for dei som har stort frávær. Fleire andre kommunar har eigne reglar for dette.

Råd:

Dagens satsar vert vidareført. Ber K vurderer å opna for fråtrekk for dei med stort frávær. I Modalen får representantar med meir enn 1/3 frávær ein reduksjon i godtgjersla på 25%. Fornuftig korrigeringslik eg ser det.

Halvårlege utbetalningar. Administrativ oppfølging basert på tilgjengeleg informasjon i våre møtebøker.



Fedje kommune

Møtegodtgjersle andre kommunale utval:

Kontrollutvalet PSU	Fast kr 4000 i årleg godtgjersle + kr 500 i møtegodtgjersle. Fast kr 4000 i årleg godtgjersle + kr 500 i møtegodtgjersle.
Eldrerådet	Kr 300 i møtegodtgjersle. Ingen fast godtgjersle.
Ungdomsrådet AMU	Kr 300 i møtegodtgjersle. Ingen fast godtgjersle. Kr 300 i møtegodtgjersle for dei som har rett på dette. Få. Ingen fast godtgjersle.
Arbeidsgrupper nedsett av K	Kr 300 i møtegodtgjersle der dette er bestemt i samband med oppretting av arbeidsgrupper.

Presisering:

Det vert ikkje gjeve møtegodtgjersle for gruppemøte, fraksjonsmøte el. andre møte i partia.

Arbeidstakarrepresentantar , der møta er på dagtid, får ikkje møtegodtgjersle.

Møtegodtgjersle vert ikkje gjeve til tilsette som deltek i møte i kraft av si stilling.

Ingen av våre folkevalde har rett på feriepengar.

Leiargodtgjersle.

KU og PSU	Kr 8.000 i fast årleg leiargodtgjersle.
Eldrerådet, AMU, ungdomsrådet + arbeidsgrupper nedsett av K	Kr 1.500 i fast årleg leiargodtgjersle.

Tapt arbeidsinntekt:

Det vert ikkje gjeve erstatning for tapt arbeidsforteneste for møte som startar etter kl. 16 med mindre tapet kan dokumenterast. Hovudregel.

Dokumenterte tap.

Satsane her har stått stille i mange år. Ser at det kan vera fornuftig å auka våre satsar til same nivå som i våre nabokommunar.

Råd:

Vederlag vert gjeve inntil kr 3000 per dag. Stadfesting av trekk i løn, feriepengar og ev pensjonsyttingar skal få fram av rekninga.

Sjølvstendig næringsdrivande skal gje opp føretaksnummer og elles sannsynleggjera tapet



Fedje kommune

på ein tilfredsstillande måte.

Udokumenterte tap.

Vederlag vert gjeve med kr 1500 per dag. Same nivå som Modalen.

Råd:

Kronebeløpet er auka. . Ordninga har vore lite i bruk, men den er absolutt relevant – ikkje minst for våre næringsdrivande.

Kommunalt reiseregulativ:

Fokevalde har krav på godtgjersle i samsvar med kommunen sitt reiseregulativ.

Refusjon ved vikar v/ omsorgsarbeid:

Omsorg eldre og barn.

Legitimerte utgifter	Inntil kr 200 timen avgrensa opp til kr 800.
U -legitimerte utgifter	Ingen.

Timesatsen er dobla. Denne ordninga har ikkje vore i bruk i nyare tid.

Råd:

Innarbeidd ordning i dei fleste kommunar. Gjer det lettare for alle å delta i politisk arbeid.

Telefongodtgjersle:

Ingen slike ordningar i dag. Ordførar får godtgjort sine kostnader fullt ut. Andre ev etter rekning.

Råd:

Ser at andre kommunar har innført ei telefonordning. Med dei prisar vi har i dag, bør godtgjerslene ta høgde for denne type utgifter.

Nettbrett / privat PC:

Sidan vi no går bort i frå ordninga med kommunale nettbrett, er det aktuelt å gje økonomisk kompensasjon til K + faste medlemar i kommunale utval på kr 1000 per år for bruk av eige datautstyr. Kompensasjonen her omfattar papirbruk og internett. Mange av våre



Fedje kommune

nabokommunar har gjort vedtak om dette.

Råd:

Vi bør truleg følgje våre naboar her. Eg ser på dette som ei rimeleg og grei ordning.

Tolkingsspørsmål.

Rådmann tek avgjerd.

Konklusjon:

Fedje kommune har relativt enkle reglement for godtgjersle av kommunale tillitsverv som ligg litt tilbake i tid. Nye utfordringar har kome til, og det ønskjeleg å samla alle relevante forhold i eitt og same dokument.

Forslag til vedtak:

Fedje kommune har relativt enkle reglement for godtgjersle av kommunale tillitsverv som ligg litt tilbake i tid. Nye utfordringar har kome til, og det ønskjeleg å samla alle relevante forhold i eitt og same dokument.

Formannskapet - 023/16

F - behandling:

Fellesframlegg:Ordførar si godtgjersle vert fri kopla frå rådmannen si løn. Ordførar får ein avtalt % - sats av stortingsrepresentantane si løn tilsvarande det lønsnivået ordførar har i dag. Samla godtgjersle for vårt politiske leiarskap ligg innafor avtalte budsjetttrammer. Innretting / bruk vert avtalt dei imellom og saka vert førelagt K for endeleg godkjenning. Ettergodtgjersle:Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke. Vidareføring av dagens ordning.

Godtgjersle varaordførar:Inntil 20% av full ordførargodtgjersle. Vilkår:Godtgjersla dekker møtegodtgjersle i K, F og andre politiske utval oppnemnd av kommunestyret - deriblant representasjonsoppdrag og kortare vikaroppdrag for ordførar.. Ferie inkludert.



Fedje kommune

Faste medlemmar kommunestyret: Kommunestyrerepresentantane får kr 10.000 i fast godtgjersle + kr 500 per møte. Dette gjeld ikkje ordførar el. varaordførar. Vidareføring av dagens ordning.

Faste medlemmar i formannskapet: Formannskapsmedlemmane får kr 20.000 i fast møtegodtgjersle + kr 500. Andre kommunale verv vert godtgjort særskilt. Dette gjeld ikkje ordførar el. varaordførar.

Fråtrekk v/ frávær – politiske verv: Ingen fråtrekk.

Møtegodtgjersle andre kommunale verv: Ref. framlegget. Få med presiseringar. Ingen endringsframlegg.

Leiargodtgjersle: Ref. framlegget. Presisering. Leiargodtgjersle vert utbetalt når dette er forankra i kommunestyret sitt vedtak.

Tapt arbeidsinntekt: Ref. presisering + forslaget. Nye satsar. Ingen endringsframlegg.

Kommunalt reiseregulativ: Ref. forslag. Ingen endringsframlegg.

Refusjon omsorg eldre og barn. Ref. forslag. Ingen endringsframlegg.

Telefongodtgjersle: Ref. forslag. Ingen endringsframlegg.

Nettbrett / privat PC: Nyordning. Kommunestyret + faste medlemmar i kommunale utval får kr 1000 i årleg kompensasjon for bruk av eige datautstyr. Kompensasjonen omfattar papirbruk og internett.

F - vedtak:

Ordførar si godtgjersle vert fri kopla frå rådmannen si løn. Ordførar får ein avtalt % - sats av stortingsrepresentantane si løn tilsvarande det lønsnivået ordførar har i dag. Samla godtgjersle for vårt politiske leiarskap ligg innafør avtalte budsjettammer. Innretting / bruk vert avtalt dei imellom og saka vert førelagt K for endeleg godkjenning.

Ettergodtgjersle: Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke. Vidareføring av dagens ordning.

Godtgjersle varaordførar: Inntil 20% av full ordførargodtgjersle. Vilkår: Godtgjersla dekker møtegodtgjersle i K, F og andre politiske utval oppnemnd av kommunestyret - deriblant representasjonsoppdrag og kortare vikaroppdrag for ordførar.. Ferie inkludert.

Faste medlemmar kommunestyret: Kommunestyrerepresentantane får kr 10.000 i fast godtgjersle + kr 500 per møte. Dette gjeld ikkje ordførar el. varaordførar. Vidareføring av dagens ordning.

Faste medlemmar i formannskapet: Formannskapsmedlemmane får kr 20.000 i fast møtegodtgjersle + kr 500. Andre kommunale verv vert godtgjort særskilt. Dette gjeld ikkje ordførar el. varaordførar.

Fråtrekk v/ frávær – politiske verv: Ingen fråtrekk.

Møtegodtgjersle andre kommunale verv: Ref. framlegget. Få med presiseringar. Ingen endringsframlegg.

Leiargodtgjersle: Ref. framlegget. Presisering. Leiargodtgjersle vert utbetalt når dette er forankra i kommunestyret sitt vedtak.

Tapt arbeidsinntekt: Ref. presisering + forslaget. Nye satsar. Ingen endringsframlegg.

Kommunalt reiseregulativ: Ref. forslag. Ingen endringsframlegg.



Fedje kommune

Refusjon omsorg eldre og barn. Ref. forslag. Ingen endringsframlegg.

Telefongodtgjersle: REf. forslag. Ingen endringsframlegg.

Nettbrett / privat PC:Nyordning. Kommunestyret + faste medlemmar i kommunale utval får kr 1000 i årleg kompensasjon for bruk av eige datautstyr. Kompensasjonen omfattar papirbruk og internett.

Kommunestyret - 004/16

K - behandling:

Tilleggsframlegg frå Kristin Handeland/Ap:

Dette vart me samde om i formannskapet, som ikkje er med i innstillinga til kommunestyret: Godtgjering ordførar skal lausrivast frå rådmannslønna, men vere på same nivå. Ordførar skal ha 100 % godtgjøgelse, og varaordfører 6 % prosent av ordførers godtgjøgelse, til saman 106 % totalt sett. Ordførar og varaordfører kan fråvike vilkåra, men det skal godkjennast i kommunestyret. Samrøystes vedteke.

K - vedtak:

Ordførar si godtgjersle vert fri kopla frå rådmannen si løn, men skal vere på same nivå. Ordførar får ein avtalt % - sats av stortingsrepresentantane si løn tilsvarande det lønsnivået ordførar har i dag. Samla godtgjersle for vårt politiske leiarskap ligg innafør avtalte budsjettammer. Ordførar skal ha 100% godtgjering, og varaordfører 6 % av ordførar si godtgjering, til saman 106% totalt sett. Ordførar og varaordfører kan fråvike vilkåra, men det skal godkjennast av kommunestyret.

Ettergodtgjersle:Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke. Vidareføring av dagens ordning.

Godtgjersle varaordfører:Inntil 20% av full ordførargodtgjersle. Vilkår:Godtgjersla dekker møtegodtgjersle i K, F og andre politiske utval oppnemnd av kommunestyret - deriblant representasjonsoppdrag og kortare vikaroppdrag for ordførar.. Ferie inkludert.

Faste medlemmar kommunestyret:Kommunestyrerepresentantane får kr 10.000 i fast godtgjersle + kr 500 per møte. Dette gjeld ikkje ordførar el. varaordfører. Vidareføring av dagens ordning.

Faste medlemmar i formannskapet:Formannschaftsmedlemmane får kr 20.000 i fast møtegodtgjersle + kr 500. Andre kommunale verv vert godtgjort særskilt. Dette gjeld ikkje ordførar el. varaordfører.

Fråtrekk v/ fråvær – politiske verv:Ingen fråtrekk.

Møtegodtgjersle andre kommunale verv:Ref. framlegget. Få med presiseringar. Ingen endringsframlegg.

Leiargodtgjersle:Ref. framlegget. Presisering.Leiargodtgjersle vert utbetalt når dette er forankra i kommunestyret sitt vedtak.



Fedje kommune

Tapt arbeidsinntekt:Ref. presisering + forslaget. Nye satsar. Ingen endringsframlegg.

Kommunalt reiseregulativ:Ref. forslag. Ingen endringsframlegg.

Refusjon omsorg eldre og barn. Ref. forslag. Ingen endringsframlegg.

Telefongodtgjersle: REf. forslag. Ingen endringsframlegg.

Nettbrett / privat PC:Nyordning. Kommunestyret + faste medlemmar i kommunale utval får kr 1000 i årleg kompensasjon for bruk av eige datautstyr. Kompensasjonen omfattar papirbruk og internett.

Samrøystes vedteke.



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjermund Hagesæter	FE-083	19/516

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/20	Formannskapet	PS	06.02.2020
006/20	Kommunestyret	PS	12.03.2020

Tapt arbeidsforteneste i samband med folkevalde verv Politikar. Godtgjersle.

Vedlegg:

Reglement for godtgjering av våre folkevalde.

Saksutgreiing:

Bakgrunn

På oppfordring frå AP si gruppe i Fedje kommunestyre vart det den 29.10.19 lagt fram sak for kommunestyret om fastsetjing av nye satsar for tapt arbeidsfortjeneste.

På dette tidspunktet vart det lagt til grunn at gjeldande satsar var frå 2002 (K 018/02) og at dokumentert tapt arbeidsfortjeneste var sett til maks kr. 1500,- pr. dag og at for udokumentert tapt arbeidsfortjeneste var summen sett til kr. 600 pr dag.

Dette viste seg å vere feil då sak om tapt arbeidsfortjeneste også var handsama i formannskapet 10.02.16 og i kommunestyret 18.02.16.

Satsane som vart vedtatt i 2016 og som er gjeldande til det vert fatta eit nytt vedtak er følgjande:

Dokumenter tapt arbeidsforteneste: Inntil kr 3000,- pr dag.

Udokumentert tapt arbeidsforteneste: Inntil kr 1500,- pr dag.

Denne saka frå 2016 er vedlagt og regulerer også satsar for møtegodtgjersle der det ikkje l ettertid er gjort nye vedtak.

Etter at ny kommunelov er satt ikraft er det følgjande reglar som gjeld:

«§ 8-3. Dekning av utgifter og økonomisk tap

Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om slik godtgjøring.

Den som blir påført utgifter som følge av et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på å få dekket utgiftene opp til et visst beløp per dag. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om dekning av slike utgifter.

Den som taper inntekt fordi han eller hun har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på erstatning opp til et visst beløp per dag. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om slik erstatning. Det skal fastsettes ulike satser for dokumenterte og ikke-dokumenterte tap.»

KS har følgjande om tapt arbeidsfortjeneste på sine nettsider:



Fedje kommune

«Kommuneloven sier at kommunestyret/fylkestinget skal fastsette beløp for både legitimert tapt arbeidsfortjeneste og for ulegitimert. KS anbefaler at taket settes så høyt at alle yrkesgrupper kan delta i politisk arbeid. Det kan ikke være meningen at enkelte skal tape på å være folkevalgt .

KS anbefaler kommuner/fylkeskommuner at tapt arbeidsfortjeneste dekkes ved at arbeidsgiver fakturerer kommune/fylkeskommune direkte for fravær, for å hindre at folkevalgte taper pensjon.»

Det er ulik praksis i kommune-Noreg når det gjeld tapt arbeidsfortjeneste og satsar. Etter det rådmannen kan sjå er satsane som vart vedtatt av Fedje kommunestyre i 2016 godt på høgde med dei fleste kommunane i Noreg.

Maks sum for dokumentert og udokumentert tapt arbeidfortjeneste kan enten setjast til ein fast sum eller som prosent av for eksempel ordførargodtgjersle. Sidan ordførargodtjersla i Fedje kommune igjen er knytt opp mot stortingsgodtgjersle vil ein prosentsats medføra at satsane aukar i takt om lag med lønsauken i samfunnet. (100% ordførargodtgjersle er 92% av stortingsgodtgjersle)

Modalen kommune er ein av dei kommunane som har satt ein fast sum for maks tapt arbeidsfortjeneste.

Modalen kommune har følgjande reglar og satsar pr i dag:

«TAPT ARBEIDSINNTEKT. (Gjeld frå og med 1/10-19)

Det vert ikkje gjeve erstatning for tapt arbeidsfortjeneste for møte som startar etter kl. 16 med mindre tapet kan dokumenterast/ gjerast sannsynleg.

DOKUMENTERT TAPT ARBEIDSINNTEKT:

Vederlag vert gjeve inntil kr. 3.336,- pr. dag. Stadfesting av trekk i løn, feriepengar og eventuelt pensjonsyttingar skal gå fram av rekninga.

Sjølvtendig næringsdrivande skal gje opp føretaksnummer, og elles gjera sannsynleg tapet, t.d. ved hjelp av siste års skatteavrekning.

UDOKUMENTERT TAPT ARBEIDSINNTEKT:

Vederlag vert gjeve med kr. 1.668,- pr. dag.

Møte inkludert reisetid som varer mindre enn 3 timar, vert godtgjort med kr. 834,-.»

Kvitsøy kommune er ein av dei kommunane som har sett ein prosentsats for maks tapt arbeidsfortjeneste.

Kvitsøy kommune har følgjande reglar og satsar pr i dag:

«Tapt arbeidsfortjeneste. Utbetales ihht. statens gjeldende satser.

1) Gjelder ikke ordfører og varaordførere.

2) Legitimert: Inntil kr. 2.032 per dag (sept. 2019)

- Møter over 4 timer inkl. reisetid utløser full sats

- Møter under 4 timer inkludert reisetid utløser halv sats

3) Ulegitimert: Inntil kr 817 per dag. (sept. 2019)

- Møter over 4 timer inkl. reisetid utløser full sats

- Møter under 4 timer inkludert reisetid utløser halv sats»



Fedje kommune

Vurdering

Sidan vi no er i starten av ein ny kommunestyreperiode er det uansett greit å ha ei ny handsaming av satsane for tapt arbeidsforteneste. For å sikre eit bredt og møteterkt lokaldemokrati er det viktig at ein ikkje taper på å delta som folkevalgt. Likevel er det nok ikkje fornuftig å setje eit tak som er så høgt at det dekker absolutt alle tenkjelege dokumenterte tap. Kostnaden ved for eksempel å hente ein nordsjøarbeidar heim for å delta i kommunestyremøte er ein slik kostnad som satsane vanskeleg kan ta høgde for.

Dei siste åra har utbetalt tapt arbeidsfortjeneste lagt på kr 5000,- til 10 000,- pr år. Det er derfor ikkje grunn til å tru at dette kjem til å verte ein veldig stor utgiftspost dei neste åra. Samansetninga av kommunestyret og antalet skiftarbeidarar i kommunestyret vil kunne endre utbetalingar i stor grad.

I tillegg til faste satsar er det også ei mogeleg løysing å leggje ordføraren si godtgjersle og for eksempel sei at legitimert sats er 100% av godtgjersla ordføraren har kvar dag og at ulegitimert sats er 50% av dette. Fordelen med ei slik løysning er at då vert satsane oppjusterte i tråd med alminneleg løysauke i samfunnet.

Folkehelse: Ikkje relevant

Miljø: Ikkje relevant

Økonomi: Viser til det som er skrive under vurdering

Konklusjon

Rådmannen vurderer denne saka som ei politisk sak der det ikkje ligg føre klare faglege hensyn på kva som er best og ikkje. På bakgrunn av dette vert denne saka innstilt med to alternative framlegg der framlegg A er same modell som Modalen kommune nyttar og framlegg B er ein modell som i hovudtrekk bygd på Modalen sin modell men der satsane er knytt opp mot Ordføraren i Fedje kommune si godtgjersle som pr i dag er kr 3800,- pr dag. Modellen og satsane som Kvitsøy nyttar vert ikkje fremma fordi desse satsane er lågare ein dei satsane som vart vedtatt av Fedje kommunestyre i 2016.

Forslag til vedtak:

Framlegg A:

Tapt arbeidsinntekt

Det vert ikkje gjeve erstatning for tapt arbeidsforteneste for møte som startar etter kl. 16 med mindre tapet kan dokumenterast/ gjerast sannsynleg.

DOKUMENTERT TAPT ARBEIDSINNTEKT:

Vederlag vert gjeve inntil kr. 3.336,- pr. dag. Stadfesting av trekk i løn, feriepengar og eventuelt pensjonsyttingar skal gå fram av rekninga.

Sjølvstendig næringsdrivande skal gje opp føretaksnummer, og elles gjera sannsynleg tapet, t.d. ved hjelp av siste års skatteavrekning.

UDOKUMENTERT TAPT ARBEIDSINNTEKT:

Vederlag vert gjeve med kr. 1.668,- pr. dag.

Møte inkludert reisetid som varer mindre enn 3 timar, vert godtgjort med kr. 834,-.



Fedje kommune

Framlegg B:

Tapt arbeidsinntekt

Det vert ikkje gjeve erstatning for tapt arbeidsforteneste for møte som startar etter kl. 16 med mindre tapet kan dokumenterast/ gjerast sannsynleg.

DOKUMENTERT TAPT ARBEIDSINNTEKT:

Vederlag vert gjeve inntil 100% av ordførargodtgjersle* pr. dag. Stadfesting av trekk i løn, feriepengar og eventuelt pensjonsytingar skal gå fram av rekninga.

Sjølvstendig næringsdrivande skal gje opp føretaksnummer, og elles gjera sannsynleg tapet, t.d. ved hjelp av siste års skatteavrekning.

UDOKUMENTERT TAPT ARBEIDSINNTEKT:

Vederlag vert gjeve med 50% av ordførargodtgjersle* pr. dag.

Møte inkludert reisetid som varer mindre enn 3 timar, vert godtgjort med 25% av ordførargodtgjersle* pr dag.

- Med ordførargodtgjersle er et meint den godtgjersla som Ordføraren I Fedje kommune til ei kvar tid har rekna ut frå 100% stilling.

Formannskapet - 010/20

F - behandling:

F - vedtak:

Tapt arbeidsinntekt

Det vert ikkje gjeve erstatning for tapt arbeidsforteneste for møte som startar etter kl. 16 med mindre tapet kan dokumenterast/ gjerast sannsynleg.

DOKUMENTERT TAPT ARBEIDSINNTEKT:

Vederlag vert gjeve inntil 100% av ordførargodtgjersle* pr. dag. Stadfesting av trekk i løn, feriepengar og eventuelt pensjonsytingar skal gå fram av rekninga.

Sjølvstendig næringsdrivande skal gje opp føretaksnummer, og elles gjera sannsynleg tapet, t.d. ved hjelp av siste års skatteavrekning.

UDOKUMENTERT TAPT ARBEIDSINNTEKT:

Vederlag vert gjeve med 50% av ordførargodtgjersle* pr. dag.

Møte inkludert reisetid som varer mindre enn 3 timar, vert godtgjort med 25% av ordførargodtgjersle* pr dag.

***Med ordførargodtgjersle er et meint den godtgjersla som ordføraren i Fedje kommune til ei kvar tid har rekna ut frå 100% stilling.**



Fedje kommune

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 006/20

K - behandling:

K - vedtak:

Tapt arbeidsinntekt

Det vert ikkje gjeve erstatning for tapt arbeidsforteneste for møte som startar etter kl. 16 med mindre tapet kan dokumenterast/ gjerast sannsynleg.

DOKUMENTERT TAPT ARBEIDSINNTEKT:

Vederlag vert gjeve inntil 100% av ordførargodtgjersle* pr. dag. Stadfesting av trekk i løn, feriepengar og eventuelt pensjonsytningar skal gå fram av rekninga.

Sjølvstendig næringsdrivande skal gje opp føretaksnummer, og elles gjera sannsynleg tapet, t.d. ved hjelp av siste års skatteavrekning.

UDOKUMENTERT TAPT ARBEIDSINNTEKT:

Vederlag vert gjeve med 50% av ordførargodtgjersle* pr. dag.

Møte inkludert reisetid som varer mindre enn 3 timar, vert godtgjort med 25% av ordførargodtgjersle* pr dag.

*Med ordførargodtgjersle er et meint den godtgjersla som ordføraren i Fedje kommune til ei kvar tid har rekna ut frå 100% stilling.

Samrøystes vedteke.



Opphaldsbetaling sjukeheim - Langtidsopphald

Etterlevingskontroll 2021 – Fedje

Revisor Linda V.M. Præstiin, linda.prestiin@vestlandsrevisjon.no

Lovpålagt oppgave

- Kommunelova § 24-9: Dei skal sjå etter om økonomiforvaltinga i hovudsak skjer i samsvar med lovar og reglar.

Bakgrunn i risiko- og vesentlegvurdering

«Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget.», jf. kommunelova §24-9.

Overordna revisjonsstrategi 2021 pkt. 4.7 – eit av dei prioriterte område for kontroll:

- Kontroll med at det er etablert tilfredsstillande intern kontroll i tråd med kapittel 25 i kommuneloven. Vi vil foreta kartlegging og testing av økonomiske og administrative rutinar for utvalde risikoområde med vesentleg innverknad på rekneskapen.

Bakgrunn forts.

- **Bebuarbetaling = vesentleg inntekt innan brukarbetalingar**
- **Vederlagsberekning er relativt krevjande og komplisert**

«Vederlagsberegning er krevende fordi forskriften er knapp, og på flere steder er den uklar. Videre reiser egenandelsforskriften kompliserte spørsmål av både økonomisk og juridisk art. Saksbehandleren bør med fordel også ha kunnskaper både om forvaltningsrett, trygderett og skatterett. Videre er det viktig at kommunen etablerer gode rutiner for vederlagsberegningen.» side 14 i boka «Betaling for beboere i institusjon» (2020) av Edvardsen og Helland.
- **Nøkkelpersonrisiko**

Det kan vera få personar som utfører og har kompetanse på området.
- **Bebuarar er ei sårbar gruppe**

«Det er viktig å huske at beboere på institusjon ofte er mennesker med nedsatt kapasitet til å følge opp egen økonomi. Derfor er det ekstra viktig at kommunen sørger for betryggende oppfølging av slike saker og at kommunen har gode rutiner og ser til at saksbehandlere som beregner egenandeler, har tilstrekkelig kompetanse.»
- **Ikkje kontrollert dei siste åra**

Kjelde for kriterium

- Kommuneloven § 25-1 Internkontroll i kommunen
- Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten (frå 01.01.2017) – internkontroll
- Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Kapittel 1. Egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester i institusjon mv.
- Edvardsen, Å. og Helland, L. K. (2020). Betaling for beboere i institusjon. 5. utgåve

Kriterium for kontroll

1. Kommunen har etablert skriftlege rutinar, prosedyrar og system for vederlagsberekning.
2. Kommunen har rutinar for etterberekning av eigenandelar for langtidsopphald i institusjon.
3. Kommunen har/har ikkje motteke klagar på vederlagsberekninga dei siste fem åra.
4. Kommunen er/er ikkje sårbar knytt til kompetanse og kunnskap om vederlagsberekning. T.d. ved sjukdom, fråvær og personalskifte.

Begrep

Rutine

Skildrar oppgåver eller aktiviteter i ein prosess. Inneheld føremål, omfang, ansvar, skildring av aktiviteten samt eventuelle fristar.

Prosedyre

Fremgangsmåte for å utføre ein aktivitet/prosess. Konkret skildring av korleis avgrensa oppgåver bør utførast.

Periode

- Etteroppgjer for 2020, sidan etterberekning først skal utførast når skatteoppgjer føreligg i 2021.

Kriterium 1

Kommunen har etablert **skriftlege rutinar og system** for vederlagsberekning for langtidsopphald:

- ✓ "Rutiner rundt vederlag" (sist oppdatert i 2020)
- ✓ Lokal forskrift om rett til langtidsplass (kunngjort på lovdata.no)
- ✓ «Forskrift om vederlag for opphald i institusjon, Fedje kommune» (vedteke i KS, ikkje kunngjort på lovdata.no – er påkravd)
- ✓ Standardbrev oppfyller forskriftskrav om forhandsinformasjon om eigenbetaling, informasjon om klageadgang og anbefaling om informasjon om etteroppgjær.
- ✓ Datasystem Visma Profil - rekne ut vederlag.

Kommunen har ikkje etablert skriftlege **prosedyrar** for vederlagsberekning av langtidsopphald.

Kriterium 2

Kommunen har **rutinar for etterrekning** av eigendelar for langtidsopphald i institusjon.

Kriterium 3

Kommunen opplyser at dei har motteke **1 klage** på vederlagsberekninga dei siste fem åra, som er sendt Statsforvaltaren.

- Klagar fekk ikkje medhald fordi klagen gjaldt eit førebels vedtak.

Kriterium 4

Kommunen er **sårbar knytt til kompetanse, kunnskap og fråvær:**

Berre ein tilsett jobbar med dette.

-> Sårbar ved sjukdom/fråvær og personalskifte.

-> Tilstrekkeleg/oppdatert kompetanse og kunnskap? Sakshandsamar opplyser å ha gjennomført 2 nybyrjarkurs. Skal på vidaregåande kurs i 2022.

-> Korleis kvalitetskontrollera arbeidet? Ifølge kommunelova § 24-6 skal den økonomiske internkontrollen vera ordna på ein tryggande måte.

Oppsummering

- ❖ **Kommunen er sårbar knytt til kompetanse, kunnskap og fråvær**
(Relevante tiltak kan t.d. vera å delta på vidaregåande kurs, delta i interkommunalt nettverk, kvalitetskontroll, etablere skriftlege prosedyrar.)
- ❖ **Skriftlege prosedyrar for vederlagsberekning manglar**
(Slike skriftlege dokument kan bl.a. bidra til å redusere sårbarheit ved eventuelt sjukdom/fråvær, personalskifte.)

Attestasjonsuttale

Konklusjon

Basert på utførte kontrollhandlingar og innhenta bevis har vi ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at kommunen har vesentlege svakheiter kring rutinar/system for vederlagsberekning etter «Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester» kapittel 1.



Statens vegvesen

FEDJE KOMMUNE
Stormarkvegen 49
5947 FEDJE

Behandlande eining:
Statens vegvesen

Sakshandsamar/telefon:

Vår referanse:
R-18135528

Dykkar referanse:

Vår dato:
01.03.2022

Vedtak om bruksforbod for køyretøy med registreringsnummer SV 91832

Du er registrert som eigar av køyretøy med registreringsnummer SV 91832. Fristen for gjennomføring og godkjenning av EU-kontroll (periodisk køyretøykontroll) var seinast 28.02.2022. Køyretøyet er ikkje blitt kontrollert og godkjent innan fristen og det blir no sett i verk bruksforbod.

Dersom køyretøyet nyleg er godkjent, kan du sjå vekk frå dette brevet.

Bruksforbod for køyretøyet SV 91832

Et bruksforbod betyr at du ikkje lovleg kan bruke køyretøyet.

Dersom du likevel bruker køyretøyet risikerer du at det blir avskilta på staden ved ein eventuell kontroll langs veg. Du må i så fall betale eit gebyr på 1 790 kr for å få utlevert skilta igjen.

Bruksforbodet blir fjerna så snart køyretøyet har blitt godkjent i EU-kontroll. Du finn oversikt over godkjente stadar du kan ta kontrollen på www.vegvesen.no/finnverksted.

Skal du ikkje bruke køyretøyet, kan du avregistrera det ved å levera inn skilta til ein trafikkstasjon.

Klagerett

Vedtaket om bruksforbod er gjort etter vegtrafikklova § 36 nr. 3. Meiner du at vedtaket er feil, kan du klage innan tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltningsloven § 28 og § 29. Klagen kan sendast per post til Statens vegvesen, Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer eller per e-post til firmapost@vegvesen.no.

Du finn meir informasjon om EU-kontroll på www.vegvesen.no/eukontroll.

Med helsing
Statens vegvesen